

# Saksprotokoll

Plan- og forvaltningsutvalet 08.04.2021

Sak: 18/21

**Tittel:** Saksprotokoll - Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNFR - område

**Arkivsak:** 21/862

## Behandling:

Rådmannen si tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet vedtek følgjande nye underpunktar til punkt 12.3 Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNFR-område, i kommuneplanens arealdel:

- o) Ved frådeling til bustadføremål - skal det stilles vilkår om at tomta skal ha maks utnytting på 30 %-BYA og maksimalt 160 m<sup>2</sup>-BYA for bustadhus i tillegg til garasje på maks 50 m<sup>2</sup>-BYA. Parkeringsareal inngår i utnyttingsgraden. Det skal minimum vere 2 parkeringsplassar pr. bueining.

*Gesimshøgde skal ikkje overstige 7 meter over gjennomsnittleg planert terreng, og mønehøgde skal ikkje overstige 8,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng. For garasje skal mønehøgde over gjennomsnittleg planert terreng maksimalt vere 5,20. Takvinkel skal vere mellom 22 og 34 grader, alternativ maks 5 grader.*

*Retningslinjene kan også nyttast i handsaming av søknad om tiltak på eksisterande tomtar i LNFR-område som ikkje er tilknytt gardsdrift.*

- p) Ved frådeling til fritidsføremål - skal gjeldande føresegn i punkt 11.2.3 Eksisterande fritidsbustader og naust, stilles som vilkår for frådeling og ved utbygging av tomta.

*Retningslinjene kan også nyttast i handsaming av søknad om tiltak på bygning registrert som fritidsbustad i matrikkelen, på tomter i LNFR-område som ikkje er tilknytt gardsdrift.*

Utvalet fremja: Saka vert utsett.

Framlegget sett fram i møte vart samrøystes vedteke.

## Vedtak:

Saka vert utsett.

---

Postadresse:  
Postboks 77  
6866 GAUPNE

Besøksadresse:  
Rådhuset  
GAUPNE

Telefon: 57685586  
Telefaks: